

Handsaming av søknader om utvida tid for elevar i friskular

Føremål

Rutinane følgjer av [opplæringslova §3-1](#) første ledd jf. [friskoleloven §3-1 første ledd](#), kapittel 11 i forskrift til opplæringslova og tolkingsuttale frå Udir den 11.07.2017, Vurdering av elevens ungdomsrett ved inntak til vidaregåande friskoler.

Det er fylkeskommunen kor eleven høyrer til som har mynde til å fatte enkeltvedtak om utvida tid.

Rutinane som er omtalt her, skal sikre at elevane på friskular får fylt retten til ekstra år i vidaregåande opplæring.

Omfang

Rutinane omfattar Seksjon for Inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS), Rettleiingstenesta ved PPT, friskular og elevar som høyrer til Vestland fylke og går på ein friskule.

Framgangsmåte

Fylkeskommunen kan fatte vedtak om utvida tid etter følgjande avgjerd:

a) Omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd jf. friskoleloven § 3-3 fjerde ledd. Eleven søker om omval på vanleg måte. Når eleven får plass i det nye utdanningsprogrammet, får eleven eit ekstra år på skulesystemet Vigo. Fylkeskommunen fattar ikkje eige vedtak om dette.

b) Utvida tid på grunnlag av vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 3-1 femte ledd jf. friskoleloven § 3-3 fjerde ledd.

Gjeld elevar som har rett til:

- spesialundervisning etter kap. 5
- opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9
- opplæring i punktskrift etter § 3-10
- særskild språkopplæring etter § 3-12

Lova krev at det ligg føre ei sakkunnig vurdering frå PPT om dei særlege behova eleven har for utvida tid, før fylkeskommunen kan fatte enkeltvedtak. Kravet om sakkunnig vurdering gjeld ikkje for elevane med rett til særskild språkopplæring etter § 3-12. For denne elevgruppa skal det ikkje sendast tilvisingsskjema til PPT.

Det ekstra året kan takast ut berre på det utdanningsprogrammet som vedtak om utvida tid omtalar.

Elevane må ha enkeltvedtak om spesialundervisning for å kunne søkje om utvida tid.

Denne retten gjeld også elevar som har enkeltvedtak om spesialundervisning i form av avvik frå den ordinære progresjonen i trinnet, dvs. som bruker fleire år for å fullføre eit trinn.

KVA	KORLEIS	NÅR	ANSVAR
<p>Søknad om utvida tid til Fylkesdirektøren for opplæring v/inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS)</p> <p>Tilvisingsskjema til Rettleiingsteneste ved PPT (for sakkunnig vurdering etter § 3-1 5. ledd)</p> <p>IOP og halvårsvurdering av eleven si måloppnåing skal sendast til Fylkesdirektøren for opplæring v/inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS)</p>	<p>Skriftleg og med grunngiving</p> <p>Digitalt skjema på vlfk.no</p> <p>VLFK sine malar</p>	<p>På eleven sitt siste skuleår med ungdomsrett. Frist: 01.12.</p> <p>01.12.</p> <p>01.12.</p>	<p>Elev i samråd med skule</p> <p>Elev i samarbeid med skule</p> <p>Skule</p>
<p>Sakkunnig vurdering etter § 3-1 5. ledd</p>	<p>På PPT sitt arkivsystem. Skal sendast til elev og kopi til Fylkesdirektøren for opplæring v/inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS)</p>	<p>Innan 01.02.</p>	<p>PPT</p>

Enkeltvedtak om utvida tid etter § 3-1 5. ledd	I ePhorte. Skal sendast til elev og kopi til skule	Innan 01.03.	Fylkesdirektøren for opplæring v/inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS)
Registrere utvida tid, ekstra år	I Vigo	Rett etter vedtaket er fatta	Fylkesdirektøren for opplæring v/inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS)
Dersom handsamingstid blir lenger enn forventa, må Fylkesdirektøren for opplæring v/inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS) sende forvaltningsmelding etter § 11a i forvaltningslova til eleven			

Lova krev at fylkeskommunen skal fatte enkeltvedtak før eleven har fullført skuleåret.

c) Vurdering av om retten er brukt etter forskrift til friskoleloven § 11-1
Den som har vore elev ved ein skule per 1. november har brukt opp retten sin til det aktuelle opplæringsåret. Ein elev som tar meir enn 1/3 av timetal frå eit utdanningsprogram eller programområde som sluttar på skulen i løpet av eit skuleår, bruker dermed retten til skuleåret så lenge eleven har motteke opplæring etter 1. november.

Dersom fylkeskommunen er i tvil om ein elev har brukt opp retten til vidaregående opplæring, så må dette vurderast skjønsmessig og konkret.